

Gol kommune

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

MØTEBOK

Saksnr. 106/09

Arkivsaksnr.: 09/2881

Arkivkode: L30 &30

Saksbehandler: Sigrid Breivik

Saksnr.:	Utvalg	Møtedato
106/09	Utval for natur og næring	01.12.2009

KOMMUNAL FORSKRIFT TIL MATRIKKELLOVA - NYE GEBYR FOR FORVALTNINGSOPPGÅVER ETTER MATRIKKELLOVA

Generelle saksopplysningar:

Politisk behandling i: Utval for natur og næring, kommunestyret

Vedtaksorgan: Kommunestyret

Saksdokument:

1. Rundskriv frå Miljøverndepartementet, datert 09.10.2009, postført her 20.10.2009 – om ikraftsetting av Matrikkellova og tilhøyrande forskrifter (ført på snr. 09/2813).
2. Brev frå Statens Kartverk Oslo, datert 03.11.2009, postført her 06.11.2009 – om ikraftsetting av Matrikkellova med forskrifter – forhold som krev rask handling rundt om i kommunane (ført på snr. 09/2813).
3. Brev til Hallingdølen, datert 29.10.2009 – annonsering av varsel om oppstart av arbeid med lokal forskrift i Gol kommune.
4. Generell gebyrmal for forvaltningsoppgåver etter Matrikkellova – utarbeidd av arbeidsgruppe i regi av Geoforum.
5. Rundskriv T – 5/09 frå Miljøverndepartementet, datert 09.10.2009 – om ikraftsetting av Matrikkellova og forskrifter.
6. Forslag til gebyrmal for Gol kommune, datert 12.11.2009.

Dokument nr. 6 fylgjer som vedlegg.

Saksopplysningar:

”Oppmålingsfolket” får nye lover og forskrifter å forhalde seg til – og dermed vert grunnlaget for å krevje inn gebyr endra.

Matrikkellova (lov 17. juni 2005 nr. 101 om eiendomsregistrering) erstattar to tidlegare lover – delingslova (lov 23. juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av eigedom) og signallova (lov 9. juli 1923 nr. 1 om anbringelse av signaler og merker for målearbeider). Lova tek til å gjelde for fullt frå 1. januar 2010. Dette fører til at vi får nye reglar for mellom anna registrering av grunneigedom.

Matrikkellova skal sikre tilgang til viktige eigedomsopplysningar, ved at det vert ført eit einsarta og påliteleg register (Matrikkelen) over alle faste eigedomar i landet, inkludert

bygningar, bustader og adresser, og at grenser og eigedomstilhøve vert klarlagt. Matrikkelen er vurdert å vera ein av tre basisregister i landet. I forarbeida til matrikkellova (ot.prp.nr. 70 2004-2005) er det sagt følgjande: ”*dette er et register hvor det forvaltes informasjon som legges til grunn i saksbehandling knyttet til personers rettigheter og plikter.*”

Matrikkelen som register avløyser to tidlegare, uavhengige register: GAB (register over Grunneigedom, Adresse, Bygningar) og DEK (Digitalt Eigedomskart). I dag har vi ”kobling” mellom sjølv eigedomen og den flata/teigen som var å finne i DEK, samt eventuelle bygningar og adresser som måtte vera knytta til denne matrikkeleininga. Det er dermed lettare å kontrollere dei opplysningane som er å finne her, og ikkje minst lettare å finne feil. I tillegg vert nye digitale planar lagt inn her, slik at det er lettare å sjå kva type reguleringsføremaal ein ny eigedom har. I det daglege arbeidet vert Matrikkelen brukt som opplysning i høve til nabovarsling, byggesaker, plansaker, adressering m.m. Matrikkelen som registreringssystem vart innført etappevis i landet, frå februar 2007, til april 2009). Gol kommune vart konvertert til Matrikkelen i oktober 2008. Oslo kommune var den siste og dermed er den gamle ”GAB’en” død.

Matrikkellova innfører nye begrep og sakstyper:

- ❖ anleggseigedom. Dette er ei matrikkeleining som strekker seg inn over eller under anna grunneigedom, og som vil vera angitt i volum (m^3). Det kan vera tunnelar, fjellanlegg m.m. (som ein kuriositet: Oslo kommune har operert med ”begrepet” og løysinga i ca. 20 år, og har på den tida registrert ca. 100 stk. Vi vurderer det slik at det ikkje vil bli veldig mange nye anleggseigedomar i Halingdal, sjølv om det kan vera aktuelt å bruke i samband med kraftindustrien.)
- ❖ Arealoverføring. Åpnar for å overføre større areal mellom to matrikkeleiningar. Må ikkje forvekslast med grensejustering, som kun omfattar areal opp til $500 m^2$, og avgrensa til maks 20 % av arealet til den av dei involverte eigedomane med minst areal.

Den nye lova innfører i tillegg begrepet ”matrikkelbrev” i staden for målebrev. Matrikkelbrevet er ei utskrift frå Matrikkelen, og gir dermed all informasjon som er registrert om ei matrikkeleining – det vere seg bygningar, adresser, tidlegare forretningar matrikkeleininga har vore involvert i m.m. Det vil òg bety at eit matrikkelbrev for ein eigedom vil endre innhald i løpet av tida, fordi det skjer endringar i området. Eit matrikkelbrev vil med andre ord bli ”ferskvar”, og det vert difor aktuelt å ta betalt for utskriving av matrikkelbrev, som er attestert og underskrevet av kommunen. Slikt gebyr går fram av det nye gebyrregulativet, og vil vera avhengig av storleiken – lengda på matrikkelbrevet.

Det nye regelverket stiller nye krav til mellom anna sakshandsaminga, gjennomføringa av oppmålingsforretninga og sjølv føringa av Matrikkelen. Dette fører mellom anna til nye og strengare krav når det gjeld tidsfristar for fullføring av rekvirerte oppmålingsforretningar, og strengare krav til dokumentasjon som ligg til grunn for føring i Matrikkelen.

Det vert ikkje høve til å opprette matrikkeleining ved midlertidig forretning, slik vi i dag kan gjere med bakgrunn i delingslova. Dette har gjerne skjedd gjerne når delinga er godkjent ”på papiret”, men oppmåling ikkje kan gjerast med ein gong (kanskje på grunn av snø?), og ein har behov for å opprette eige grunnboksblad snarast råd, for eksempel med tanke på låneopptak og pantsetting. Oppmålingsforretning (tidl. kartforretning) skal etter ny lov som hovudregel vera halde før ein opprettar ny matrikkeleining.

Med bakgrunn i lova må kommunane vedta nye gebyrregulativ for å kunne ta lovleg betaling for dei forvaltningsoppgåver dei skal gjennomføre. I tillegg er det viktig at kommunane har vurdert tilhøvet til tidsfristane. Slik det er i den nye lova, gjeld kravet om gjennomføring i høve til den maksimale tidsfristen frå søknad er motteke til matrikkelbrev kan skrivast ut (slutføring av oppgåva) uansett – denne er satt til 16 veker – jamfør matrikkelforskrifta § 18, pkt. 1. Dette gjeld òg, sjølv om søknaden er levert 1. oktober, snøen kjem tidleg – 3. oktober, som i år, det lavar ned, og våren kom aldri det neste året – det vart berre plutseleg sommar 1. juni..... Tidsfristen på 16 veker gjeld uansett! Det er likevel gitt visse unntak når det gjeld supplerings av opplysningar frå rekvirenten, tid for tinglysing m.v. I tillegg gjeld utsetting av frist i inntil fire veker, når det er tvist om grense m.v. Dette følgjer av § 39 i matrikkelforskrifta.

Det er uansett viktig at kommunen har gjort lokalt vedtak om at krav om tidsfrist ikkje skal gjelde i ein del av vinterhalvåret. Dette er det åpna for i § 18, pkt. 3 i matrikkelforskrifta *”Kommunestyret selv kan i forskrift vedta at fristen ikke løper i en bestemt tid om vinteren.”* Representantar for oppmålingsvesenet i hallingdalskommunane hadde eit lite drøftingsmøte i slutten av oktober, ved oppstart av dette forskriftsarbeidet. Det kan vera store lokale forskjellar på vinter og vår innan den same kommunen, med tidleg vår langt nede i dalen, og snø til langt ut i juni enkelte stader på høg fjellet. Men ein kom der fram til at eit høveleg tidsrom for ”vintertid” vil vera frå 15. oktober til 15. mai. Det er likevel ikkje lagt ned ”forbod” mot å gjennomføre målingar i denne perioden, det vil då måtte gjerast vurderingar i den enkelte saka. Slik vil ein òg ha høve til å få unna noko av bunkane som hopar seg opp i arkiva. Tilgangen på nye saker er aldri eit problem.

Overordna plan:

Ikkje relevant i denne saka.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje relevant i dette sakskomplekset.

Økonomi:

Det er ikkje venta endra inntekter ved innføring av nye gebyrregulativ. Vi trur antallet rekvisisjonar/søknader vil halde seg på det same talet som tidlegare. Det vert viktig for kommunen å overhalde dei tidsfristar som er satt. Ellers vil ein måtte avkorte gebyrinntektene i den enkelte saka – etter reglar satt i § 18 pkt. 4.

Gebyret som kommunen krev for utførte forvaltningsoppgåver skal dekke både faktiske kostnader med personell, både ved kontorpulten og i marka, utstyr m.m Det skal i tillegg dekke inn eventuelle ekstra utgifter kommunen måtte ha for å hente inn opplysningar i forkant av oppmålingsforretninga. Dette kan mellom anna vera grunnboksinformasjon, kopiar av skylddelingsforetning, evt. andre dokument som seier noko om grenseforløp og disponering av grunnen. Slik dokument må gjerne hentast frå Tinglysinga på Hønefoss (oppbevarer dokument frå 1951 og framover i tid) eller Statsarkivet på Kongsberg (eldre enn 1951).

Innføring av ny lov har òg ført med seg krav til fagleg kompetanse, mellom anna for den som skal gjennomføre oppmålingsforretninga. Det vil føre til ein større kamp om fagutdanna personell, og i den grad kommunane konkurrerer om same person, vil det føre til ”budrunder”. Det vil òg bety behov for jamnleg oppdatering på fagfeltet – det er ikkje slik at *”ein gong*

utdanna – og dermed utlært for evig og alltid”. Slike kostnader til fagleg oppdatering skal vera innbaka i gebyret kommunane tek.

Det er òg stilt krav til den personen som skal føre opplysningane inn i Matrikkelen. Tidlegare kunne kommunen sjølv stå for utpeiking av person som la opplysningar inn i GAB og så vart det kun rekvirert brukar-ID og passord frå det lokale kartkontoret. Det vart gitt noko opplæring frå meir sentralt hald, men det var likevel aldri noko krav om fagleg forankring. Dette er nok òg grunnen til at kvaliteten og omdømmet til opplysningane i GAB'en ikkje var av dei beste dei første åra GAB var i bruk. Dette har betra seg gjennom fleire ulike ”ryddeprosjekt” (MaBYGG, Folke- og bustadtellinga 2001, samt kontrollar før konvertering til Matrikkelen hausten 2008).

Ved innføring av ny lov vert dette endra. No må registerfører vera godkjent ved at ein har gjennomført kurs hos Statens Kartverk. Registerfører bør ha fagleg kompetanse innan det fagfeltet der ein fører opplysningar (eigedom/bygg/adresser). Statens Kartverk har i tillegg høve til å trekke godkjenninga, dersom personen ikkje forvaltar si oppgåve på rett måte. Kommunen skal på si side melde frå når personen som har vore matrikkelfører, enten sluttar i stillinga, eller får endra oppgåver, og difor ikkje skal registrere i Matrikkelen lengre. Kostnader til fagleg oppdatering av matrikkelfører skal òg vera inkludert i dei gebyr kommunen innfører.

Ein har ved innføring av nytt gebyrregulativ, lagt opp til at dette regulativet skal indeksregulerast årleg ved bruk av Statens Kartverk sin indeks, med unnatak av gebyr for utskriving av matrikkelbrev, som vert bestemt frå sentralt hald.

Vurdering:

Dette er ei oppgåve kommunane ikkje kjem utanom. Framlegg til nytt gebyrregulativ er koordinert med dei andre hallingdalskommunane, og det er teke omsyn til dei satsane som kjem fram i malen som arbeidsgruppa i Geoforum har kome fram til. Forskrifter skal leggast ut på høyring i minimum 6 veker. Berørte partar – i dette tilfellet for eksempel grunneigarlag, stølslag, fylkesmannen m.m. skal vera gitt høve til å uttale seg, før eit endeleg vedtak kan fattast av kommunestyret.

Framlegg til vedtak:

Utval for Natur og næring tek saksutgreiinga til orientering og legg forslag til nytt gebyrregulativ for forvaltningsoppgåver etter matrikkellova ut til høyring.

Gol, 12.11.2009

Hege Mørk
rådmann

Hanne Cecilie Nes
avdelingsleiar - Utbyggingsavdelinga

Utval for natur og næring behandla saka den 01.12.2009, saksnr. 106/09

Vedtak:

Utval for Natur og næring tek saksutgreiinga til orientering og legg forslag til nytt gebyrregulativ for forvaltningsoppgåver etter matrikkellova ut til høyring.